

Tambarskjelvar IL – Styremøte 2/2020 – 25.08.2020

Til stades: Bjørn Hundershagen, Jan Magne Åsnes, Åsmund Berthelsen, Vidar Slettehaug, Gunn Steindal, Anne Sofie Berntsen, Sigrid Anette Førde, Frode Solvik, Janne Takset Nøstdal, Pål Arve Myklebust, Siss-May Edvardsen

Fråver: Steinar Kvame, Eigil Instebø

Det nye hovudstyret møtte kl 18, gruppene møtte kl 19. Formøtet dreide seg om ei kort orientering om arbeidet i Tambarskjelvar:

- administrasjonsarbeid i form av politiattestar, medlemsdatabase osv.
- oppfølging av arbeidsplan vedteke på årsmøtet
- handsaming av søknader frå gruppene
- uttaler til offentlege planar

Anne Sofie er ansvarleg for barneidrett og er kasserar, Pål Arve er ansvarleg for politiattest. Nokon må ta ansvar saman med Siss-May i høve Klubbadmin (medlemsdatabase). Vi lyt og finne ein dedikert person for oppfølging av Naustdalshallen, jf. vedlegg Drift av kommunale idrettshallar dagsett 25.06.2020.

Kort orientering om Sunnfjord Idrettsråd.

Saksnr	Tema	Ev. utdjujing av tema	Vedtak
5/2020	Støtte frå BKK - orienteringssak	Tambarskjelvar søkte om, og fekk, kr 50 000,-. Stønaden er gjeve på bakgrunn av behov for nytt lager på Stadion.	
6/2020	Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – høyringsinnspel 1.sept	https://sunnfjord.kommune.no/tenster/kultur-idrett-og-friluftsliv/idrett-og-friluftsliv/rullering-av-kommunal-plan-for-idrett-fysisk-aktivitet-og-friluftsliv/	Hovudstyret sender felles innspel: <ul style="list-style-type: none">- Få inn nytt golv i hallen- Bytte lys på Naustdal stadion Åsmund orienterte om at Øyra/Løken nærmiljøanlegg vil spele inn plan om utvikling av sykkelområdet med ei hoppelinje og ei sykkelsti. Skianlegget planlegg ei turløype for ski vidare frå dagens trase, i tillegg til innspel om å oppgradere dagens

			løype-trase til tur- og sykkelveg.
7/2020	Krisepakke for idretten etter avlysing av aktivitet/arrangement grunna Covid-19	<p>Hovudstyret vil søkje om kompensasjon felles, men det er fint om de tek ein gjennomgang i kvar gruppe for kva beløp de meiner er riktige å melde inn. Sjå på linken om kva som støttes: https://lottstift.no/nb/ny-krisepakke-for-frivilligheten-2/</p> <p>Hovudstyret vil m.a. søkje om kompensasjon for Sunnfjord Triatlon.</p> <p>Frist er 15.september. Ordninga er vidareført ut året; les meir her: https://www.idrettsforbundet.no/</p>	<p>Vi nyttar budsjett frå årsmøtet til søknaden - Siss-May tek kontakt med dei enkelte gruppene om noko er uklart.</p> <p><i>Etterskrift: Det ble søkt om kompensasjon for fotballen sin planlagte konglerikecup, tapte inntekter frå kiosksal, og tapte inntekter i halleige. Sunnfjord triatlon får overskotet frå sponsorinntekter, og desse fell utanfor ordninga.</i></p>
8/2020	RV 5 Naustdal – Erdal	<p>Tambarskjelvar er invitert til møte 26.08.2020. Sjå eige skriv med invitasjon. Kan nokon delta?</p> <p>Skriftleg innspel sendast frå hovudlaget – kva spelar vi inn?</p>	<p>Tambarskjelvar kan ikkje delta på møtet. Vi sender skriftleg uttale:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utøvarar og frivillige nyttar vegen dagleg - Traseval
9/2020	Treningstider, Drift av Naustdalshallane og retningslinjer for trening - Covid 19	<p>Treningstider Alle gruppene har spelt inn treningstider. Desse vert ståande slik dei er no, sjå vedlegg, om her ikkje kjem merknader.</p> <p>Driftsrutiner Det er føreslegne nye driftsrutinar for idrettshallane i Sunnfjord kommune f.o.m. 01.01.2021, sjå vedlegg. Vi treng ein person som følgjer opp hallane her i Naustdal. Dette må på plass raskt. Spel inn aktuelle personar til styret.</p> <p>Retningslinjer for trening - Covid 19 Retningslinjer for bruk av hallen ligg vedlagt. Gruppene må ut frå denne vurdere kva aktivitet dei legg opp til i hallen og ev kome med forslag til justering av retningslinjene.</p> <p><i>Etterskriv: Ein kan ikkje nytte garderober, men toalett som ligg i garderober, jf. vedlagde retningslinjer. Det vert ikkje lagt til rette for vask utover det som er i dag.</i></p> <p><i>Etterskriv frå Sunnfjord kommune: Maks 200 stykk gjeld for eit rom, same om det er Førdehallen eller Naustdalshallen, så lenge det er plass til einmetersregelen (over 19 år) og det er</i></p>	

		<p><i>smittevernsmessig forsvarleg. Ein kan dele opp i fleire grupper på 20 innanfor gjeldande reglar. Når det gjeld foreldre er det klart at dersom det er behov for det må dei kunne vere med, men innanfor same smittevernsreglar.</i></p> <p>Oppdaterte retningslinjer for hallen er vedlagt. Det er viktig at gruppene sørger for å spreie desse. Dei vert og lagt ut på heimesida til Tambarskjelvar.</p> <p>Nøkkelboks Naustdalshallen I Det vert ikkje lagt ny nøkkel i nøkkelboksen utanfor hallen. Koden på boksen vart diverre kommunisert ut til veldig mange, og nøkkel er no på avveie. Om de har behov for nøkkel til hallen før haustferien, kan vi leggje den på Best - gi beskjed til Siss-May om den skal leggst der.</p>	
Ymse/Orienteringssaker			
	Inngangsbrikker Vektløftarhallen	Spørsmål om kontaktperson for å endre brukar på eksisterande brikke og/eller få ny brikke.	Ta kontakt med Johan Sortevik, tlf. 951 35 833 e-post: Johan.Andreas.Sortevik@sunnfjord.kommune.no for å endre namn på brikker eller for å få nye.
	Nøkkel teknisk rom Vektløftarhallen	Minner om at nøkkel må ligge på plass der den skal inne på teknisk rom. Det må vere ein god rutine på dette!	
	Kaffitrakter kiosk	Vaskepersonalet har opplevd å finne "glødane" kaffitraktarar i kiosken om morgonen. Det må vere gode rutinar for å slå av elektrisk utstyr som har vore nytta.	
	Naustdal stadion	<p>Stadion skal driftast som tidlegare.</p> <p>Vi må skifte lys på stadion - to alternativ for finansiering vert arbeidd med.</p> <p>Reklame stadion vert arbeidd med - bør samordnast mellom hall og stadion?</p> <p>Bestilt nye stolpar til tennisbana.</p> <p>Bør og sette opp nytt gjerde for reklameskilt.</p>	Etterskriv: <i>Behovet for å skifte lys er sendt inn til rullering av Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.</i>
	Fjord-O 2020	Omlag 600 løparar deltok. Gode tilbagemeldingar. Avh. av tilskot vil arrangementet gå i pluss med omlag kr 200.000,-.	
	Instedalen skianlegg, løypemaskin	Behov for oppgradering av utstyr. Har løyvingar i høve lysanlegget både frå Sparebankstiftinga og Tambarskjelvar som ikkje vert nytta - desse vert søkt	

		omfordelt til løypemaskin. Må søkje utstyrsmidlar og treng då ei forskottering på finansiering. Vil kome søknad til Tambarskjelvar om dette.	
	Æresmedlemmer og hederspris	Minner om at gruppene må ha dette i tankane og spele inn til årsmøtet. Om nokon kjenner til retningslinjer for æresmedlemskap vert styret glad for å få dei i hende.	
	Sponsoravtale	Gjeldande sponsoravtale med Din Sport løper ut året. Det vert arbeidd med ny avtale.	Om gruppene har særskilte behov for utstyr må de spele det inn til Siss-May så fort som mogleg.
	Politiattest	Digitalt søknadsskjema. Politiattest skal framvisast til Pål Arve Myklebust.	

TRENINGSTIDER I NAUSTDALSHALLEN I SESONGEN 2020/2021

Tid	Måndag			Tysdag			Onsdag			Torsdag			Fredag		
	S1	S2	S3	S1	S2	S3	S1	S2	S3	S1	S2	S3	S1	S2	S3
1600 -170 0															
1700 -180 0	Idrettsskule			Fotball			Fotball			Barneidrett					
1800 -190 0	Fotball			Fotball			Fotball			Idrettsskule					
1900 -200 0	Fotball			Fotball			Fotball			Friidrett		Trimgru ppa	Internasjonal fotball?		
2000 -210 0	Friidrett		Trimgru ppa	Fotball			Vek tløf targ rup pa		Trimgru ppa	Badminton					
2100 -220 0	Friidrett			Fotball			Fotball			Fotball					

Vektløftargruppa ynskjer treningstid i SAL1 onsdag 19-20. Naustdalshallen II ynskjer vektløftargruppa å disponere mandag til fredag frå 17.00 til 20.00 og lørdag 12.00 til 14.00.
Sundag: Volleyball kl 19-21, 1 sal.



Saksframlegg

Saksnr. utval Utval Møtedato 141/20 Formannskapet 25.06.2020

Drift av kommunale idrettshallar

Vedlegg i saka:

27.05.2020 Innspel frå Idrettsrådet -drift av kommunale idrettshallar 1363839

27.05.2020 Drift av idrettshallar i Sunnfjord kommune 1363842

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune tek ansvaret for koordinering av utleige av alle idrettshallane. Oppgåva skal løysast ved å tilsette ein person i 100% stilling ved eininga Idrett og friluftsliv. Stillinga og kostnader knytt til denne skal dekkast av inntekter frå utleige av idrettshallane.
2. Det skal opprettast eitt felles driftsstyre for alle idrettshallane som skal sikre idrettslaga god samordning og fordeling av treningstider.

Behandling i Formannskapet 25.06.2020:

Senterpartiet v/Jenny Følling fremja følgande tilleggsframlegg:

"Leigesatsar skal takast opp som eiga sak og leggest fram for kommunestyret"

Avrøysting:

kommunedirektøren sitt framlegg, saman med SP sitt tilleggsframlegg vart **samrøystes vedteke**

FORM-141/20 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune tek ansvaret for koordinering av utleige av alle idrettshallane. Oppgåva skal løysast ved å tilsette ein person i 100% stilling ved eininga Idrett og friluftsliv. Stillinga og kostnader knytt til denne skal dekkast av inntekter frå utleige av idrettshallane.
1. Det skal opprettast eitt felles driftsstyre for alle idrettshallane som skal sikre idrettslaga god samordning og fordeling av treningstider.
1. Leigesatsar skal takast opp som eiga sak og bli lagt fram for kommunestyret.

Bakgrunn for saka:

Sunnfjord kommune er i dag eigar og ansvarleg driftar av 3 eksisterande idrettshallar,

Gaularhallen, Naustdalshallen og idrettshallen i Førdehuset. Gaularhallen og Naustdalshallen er drifta av eit styre beståande av representantar frå skule, sentral administrasjon eller ordførar og lokalt idrettslag. Driftsstyra har gjort ein omfattande jobb og drifta idrettshallane godt. Men det har vore utfordrande for begge desse idrettshallane å skaffe personar til alt dugnadsarbeidet, og spesielt driftsleiar har synt seg utfordrande å rekruttere, sjølv om denne har noko godtgjering. Naustdalshallen har vore utan driftsleiar dei siste åra og Gaularhallen har ikkje funne nokon til å ta over for eksisterande driftsleiar som ynskte å avslutte sitt engasjement i overgangen til 2020 etter å ha vore driftsleiar sidan opning av Gaularhallen. Førdehuset har vore drifta i si heilheit av administrasjonen i kommunen. Vask og vedlikehald har kommunen stått for i alle idrettshallane.

Sunnfjord kommune bygger no 4 nye idrettshallar: Skei, Vassenden, Haldbrend og Bygstad. Kommunen må samkøyre drifta av idrettshallane og sikre gode driftsmodellar for alle.

Saksutgreiing:

Alle dei nye idrettshallane er bygd i tilknytning til skule, og utgangspunktet for drifta var tenkt som Naustdalshallen og Gaularhallen med driftsstyre og nye driftsavtalar mellom styret og Sunnfjord kommune.

Etter kartlegging av drifta i Naustdalshallen og Gaularhallen vert utfordringar knytt til manglande styreleiar sentral i vurderinga av driftsmodell for idrettshallane framover. Ei anna utfordring med driftsstyremodellen er at driftsstyra ikkje er verken eit kommunalt styre eller ein organisasjon. Dette gjer at driftsstyra ikkje har moglegheit for å få eige organisasjonsnummer, og då heller ikkje kan opprette eigen bankkonto.

Kommunedirektøren ser eit behov for å vurdere drifta av alle idrettshallane i kommunen under eitt og kome med framlegg om ei samla løysing for alle, som likevel kan tilpassast lokalt for kvar idrettshall. Framlegg til ny modell legg opp til eit større driftsansvar frå administrasjonen i kommunen si side for å sikre drifta, men med lokalt eigarskap til idrettshallane frå skule og idrettslag, med fordeling av ansvar og oppgåver knytt til kvar hall i dei respektive lokalsamfunna. Ansvar og oppgåver som idrettslag tek på seg etter avtale vert kompensert med reduksjon i halleige etter eige oppsett.

Answaret i kommunen vert føreslått lagt til eininga Idrett og friluftsliv ved oppretting av ei 100% stilling som utleigekoordinator for idrettshallane i Sunnfjord. Stillinga skal finansierast av inntektene frå utleige av idrettshallane.

Inntekter og utgifter knytt til idrettshallane og prising av oppgåver/ansvar tek utgangspunkt i utleigeprisane i Førdehuset og Gaularhallen som utgjer ytterpunkta i dag. Pris pr. time for ein sal er i dag kr 150 i Førdehuset og kr 70 i Gaularhallen. Pris etter nytt oppsett vil variere frå kr 150 til kr 87 (for idrettslag som tek på seg ansvar og oppgåver etter avtale) etter slikt oppsett:

	Førdehus et	Gaularhall en	Naustdal s-hallen	Ske i	Vassend en	Bygsta d	Halbren d
Reinhold/rens	55	55	55	55	55	55	55
Vedlikehold	96	96	96	296	96	96	96

Vakthald	200	200	200	200	200	200	200
Kontaktpunkt	100	100	100	100	100	100	100
Opplæring i bruk	40	40	40	40	40	40	40
Fordeling av treningstid	30	30	30	30	30	30	30
Booking utenom fast treningstid	30	30	30	30	30	30	30
Fakturering	30	30	30	30	30	30	30
Bookingsystem	6	6	6	6	6	6	6
Utstyr	13	13	13	13	13	13	13
Pris pr time pr hall	600	600	600	800	600	600	600
Pris pr time pr sal	150	200	200	200	200	200	200
	4 saler pr hall	3 saler pr hall	3 saler pr hall	4 saler	3 saler	3 saler	3 saler

Pris pr. saltime for idrettslag som tek vakthald,
kontaktpunkt og opplæring i bruk på dugnad vert kr 87

Utgifter er fordelt likt for alle haller bortsett frå Skeihallen, denne er justert opp noko på grunn av storleik. Fordelinga er ikkje gjort i detalj på dette stadiet.

Inntekter og utgifter for Førdehuset vert ikkje rekna med då dette er inne i budsjettet til kommunen i dag, men er teke med for å samanlikne alle hallane.

Rekneskapet er basert på faste treningstider og at alle hallar er utleigd frå kl. 16:00 til 22:00 kvar dag frå måndag til laurdag, 48 veker i året. Erfaring frå Gaular og Naustdal tilseier ikkje full utleige, men det er ikkje teke med inntekter frå tilfeldig utleige og arrangement og dette kan kompensere for manglande faste treningstimar. Med bakgrunn i erfaringar vil ein utifrå dette gå i balanse.

Drift og utleige av andre aktivitetsflater knytt til idrettshallane som styrkerom, sykkelsaler, buldre/klatreanlegg og friidrettsområder er ikkje med i oppsettet. Dette må løysast i eigne avtaler mellom kommunen og brukar.

Det overordna brannansvaret for bygget vert lagt til einingsleiar for skulen knytt til idrettshallen på same måte som einingsleiar på skulen har det overordna brannansvaret for skulen sine bygningar i dag.

Den nye driftsmodellen er lagt fram for Sunnfjord idrettsråd som stiller seg positiv til ei slik løysing. I samråd med idrettsrådet vert det også oppretta eit driftsstyre for alle idrettshallane i Sunnfjord kommune som skal sikre god samordna drift og fordeling av treningstider. Sunnfjord idrettsråd tek på seg oppgåva å finne kandidatar til eit samla driftsstyre.

Førde, den 18.06.2020

Ole John Østenstad

Hilde Bjørkum

Kommunedirektør

Kommunalsjef kultur og idrett

Retningslinjer for trening i idrettshallen, Covid 19, Naustdalshallen

1. Trenerar, spelarar og føresette har ansvar for å sette seg inn i og følge retningslinjene.
2. Kun friske personar skal delta på treninga.
3. Møt presis til trening, maksimalt 5 minutt før treningsstart.
4. Alle treningar sluttar 5 minutt tidlegere enn treningstida som er tildelt (sjå kalender her: <https://tambarskielvar.no/hallen/>). Gruppene bør forlate idrettshallen rett etter trening, slik at gruppa er ute av idrettshallen før neste gruppe kjem.
5. Føresette kan vere med inn i hallen innanfor gjeldande smittevernreglar.
6. Garderobane skal ikkje brukast. Toalett i garderoben kan nyttast, i tillegg til toaletta ved tribunekiosken. Personleg utstyr skal ikkje oppbevarast i garderobane.
7. Avstandsregelen t.o.m. 19 år:
 - o Utøvarane kan trene med fysisk kontakt og utan omsyn til avstand.
 - o Utøvarane skal likevel halde minst 1 meter avstand mellom deltakarane både før og etter trening og i pausar/opphald i treninga.
 - o Unngå klemming, handhelsing og anna unødvendig fysisk kontakt.
8. Avstandsregelen f.o.m 20 år:
 - a. Utøvarane må halde minst 1 meter avstand før, under og etter trening, som før.
 - b. Alle skal berøre færrest moglege overflater.
9. Vaktene i hallen har ansvar for at følgande dører står opne:
 - o Dørene frå gangen inn til idrettshallen.
 - o Dørene til toalett i garderobar og ved tribunekiosk.
10. Dei som har trening i sal 1, skal gå inn og ut av den opne døra som går til sal 1. Døra er merkt.
11. Dei som har trening i sal 2, skal gå inn og ut av den opne døra som går til sal 2. Døra er merkt.
12. Dei som har trening i sal 3, skal gå inn og ut av den opne døra som går inn til sal. Døra er merkt. |
13. Det skal vere desinfeksjonsmiddel tilgjengeleg i hallen. Treninga skal foregå i grupper med maksimalt 20 deltakarar.
14. Dersom gruppa har fleire enn 20 deltakarar og må delast i to grupper, må gruppene gjennomføre treninga på kvar sin banehalvdel. Gruppene som trenar saman bør så langt det let seg gjere vere faste over tid for å redusere smitterisiko.
15. Det skal alltid vere ein trenar eller leiar over 18 år til stades som leiar treninga og har ansvaret for at retningslinjene vert følgd. Dersom gruppa er fleire enn 20 og må delast i to grupper, skal det vere ein trenar eller leiar over 18 år til stades for kvar av gruppene.
16. Fyll drikkeflaska heime. Alle skal oppbevare drikkeflaska i sin eigen bag/veske/sekk under heile treninga.

Vask /desinfiser hender

17. før avreise frå heimen
18. når du kjem inn i Naustdalshallen
19. i Naustdalshallen før du reiser heim

Trenar/ansvarleg vaksen noterer kven som deltek på treninga og kven som er i dei ulike gruppene.

Trenar/ansvarleg vaksen vurderer behov for vask av fellesutstyr som er mykje i kontakt med hender eller ansikt.

Utøvarar, trenarar eller føresette som ikkje er friske eller har symptom på forkjøling, mageproblem eller liknande skal ikkje vere til stades på trening.

Utøvarar som bevisst ikkje følger retningslinjene kan ikkje delta.

Dersom nokon som har deltatt på trening får påvist covid-19, skal trenaren bli kontakta. Trenaren kontaktar Sunnfjord kommune v/ Anne Grete Nøttingnes Rognsøy eller Inge Larsen skriftleg og legg ved oversikt over deltakarane på treninga dei siste tre vekene. Klubben rapporterar vidare til kommuneoverlegen for vidare handtering og kontakt med andre utøvarar/trenarar på laget.

Kort oppsummert:

Utøvarane (i samarbeid med føresette) sitt ansvar:

- Vask/desinfiser hender før og etter trening.
- Fyll drikkeflaska heime.
- Hald drikkeflaska i treningsbagen.
- Hald 1 meter avstand før og etter trening, og i pausane.
- Meld frå til trenar om du får påvist covid-19.
- Ha det gøy på trening!

Trenaren/ansvarleg vaksen sitt ansvar:

- Sørg for at retningslinjene vert følgd.
- Vask/desinfiser hender før og etter trening.
- Vurder vask av fellesutstyr etter trening.
- Hald drikkeflaska i treningsbagen.
- Hald 1 meter avstand før og etter trening, og i pausane.
- Kontakt Anne Grete Nøttingnes Rognsøy eller Inge Larsen, om nokon i gruppa får påvist covid-19.